

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Møte: Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Dato: 28. april 2016

Stad: Høgskulen i Volda, rom Strøm 242 (Hans Strøm-huset)

Møtetid: kl. 10.00 – 14.00

Til stades:

Frå Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde:

Hareid kommune ved kommunalsjef Berit Aasen

Herøy kommune ved kommuneoverlege Torill Myklebust

Sande kommune ved leiar Sandetun Wenche Torseth

Ulstein kommune ved fagkoordinator psyk. helse og rus Silje Kleven Eriksen

Vanylven kommune ved kommuneoverlege Hamid Keshavarz

Volda kommune ved einingsleiar heimetenester Astrid Dimmen

Ørsta kommune ved stableiar tildeling og koordinering Oddvar Marøy

HMR – Volda sjukehus ved praksiskonsulent Stian Endresen

HMR – Volda sjukehus ved seksjonsleiar DPS Hallgrim Myklebust

HMR – Volda sjukehus ved avdelingssjef medisinsk avdeling Mona Ryste

HMR – Volda sjukehus ved klinikksjef kirurgisk klinikk Knut Nautvik

Brukarutvalet ved Asbjørn Ringdal Gausdal

Andre:

HMR ved samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm

Volda kommune ved einingsleiar førbygging, rehab. og legeteneste Mona Kile (vararepresentant)

Møteleiar:

Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes på sak 1 og 2

Leiar i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde Berit Aasen frå sak 3

Referent: Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 1/2016: Velkomen til møtet. Presentasjonsrunde. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt. Ved Vegard Austnes, rådgivar i Sunnmøre Regionråd

Vegard Austnes ønska velkomen til møtet. Alle presenterte seg. Innkallinga vart godkjent. Til eventuelt (sak 7/2016) meldte Oddvar Marøy sak om praktisk samarbeid mellom kommunar og helseføretak. Stian Endresen meldte sak om forankring av felles fagdagar med meir.

Sak 2/2016: Val av leiar og nestleiar i Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Ved Vegard Austnes, rådgivar i Sunnmøre Regionråd

Jf. Delavtale 12 i Samhandlingsavtalen skal leiar- og nestleiarfunksjonen i Overordna samhandlingsutval alternere anna kvart år mellom Helse Møre og Romsdal HF (HMR) og kommunerepresentantane. For dei lokale utvala er det ikkje nemnt noko i Delavtale 12 om leiar- og nestleiarfunksjonen.

Representantane frå respektive HMR og kommunane tok ei kort pause i møtet for å velje kvar sin kandidat til leiar- og nestleiarfunksjonen. Det var avtalt at første året skal kommunane ha leiarfunksjonen medan HMR har nestleiarfunksjonen. Andre året byter dei.

Vedtak: Berit Aasen vert valt til leiar av det lokale samhandlingsutvalet i 2016, medan Mona Ryste vert valt til nestleiar i 2016. I 2017 byter dei.

Sak 3/2016: Orientering om føringane frå Overordna samhandlingsutval i høve til arbeidet i dei lokale utvala. Ved Britt Valderhaug Tyrholm, samhandlingssjef i Helse Møre og Romsdal

Tyrholm viste til at Sjustjerna-samarbeidet er modell for dei lokale samhandlingsutvala.

Oppgåvene som dei lokale samhandlingsutvala skal ivareta går tydeleg fram av Delavtale 12 i Samhandlingsavtalen. Samhandlingsstrategien er eit sentralt verktøy for å operasjonalisere samhandlingsavtalen mellom partane. Dei lokale samhandlingsutvala har også ei sentral rolle i høve til å iverksetje godkjent kompetanseplan.

Det er i ferd med å bli utarbeidd konkrete handlingsplanar utforma av partssamansette arbeidsgrupper innanfor fleire av tiltaksområda. Mellom anna har ei arbeidsgruppe sett på pasientforløp for den eldre multisjuka pasient (sjå sak 5/2016). Andre områder der eit arbeid er på gang er handlingsplan rus og psykisk helse, kronikarforløp somatik, palliativ plan og klinisk samhandlingsutval for barn og unge.

Tyrholm viste til at det generelt er utfordringar knytt til å svare ut pasientane sine behov for koordinerte tenester. Primærhelsemeldinga legg opp til at kommunane skal kunne ta eit større ansvar.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Kommunane i Sjustjerna fekk honnør frå medisinsk avdeling ved sjukehuset i Volda for at dei tek godt unna frå avdelinga.

Etter Tyrholm sin presentasjon (vedlagt) var det lagt opp til at samhandlingsutvalet skulle drøfte det vidare arbeidet i utvalet med utgangspunkt respektiv ståstad.

Praksiskonsulent Stian Endresen viste til at det på HMR si heimeside finst skjema for avvik. Han tok opp om kommunane har gode nok rutiner for korleis avvik vert kommunisert innad i organisasjonen.

I møtet vart det sagt at det er viktig med gjensidig rettleiing (t.d. i form av hospitering) og dialog mellom dei som har med pasientane å gjere på sjukehuset og i kommunane.

Representanten frå brukarutvalet, Asbjørn Ringdal Gausdal, viste til at kommunane må praktisere brukarmedverknad, og at sjukehuset si rettleiingsplikt er viktig for dei tenestene som kommunane skal yte til brukarane. Gausdal viste til at 10% av innleggingane i medisinsk avdeling skuldast feil legemiddelbruk. Han sa at ein treng meir kvardagsrehabilitering i heimane. Vidare sa han at ein må snakke om livsløpet, og at nokre pasientar vert haldne i live unødvendig lenge.

Dert vart diskutert at KAD-plassane i kommunane må brukast meir og tydeleggjerast i den akuttmedisinske kjeda.

Sak 4/2016: Møteplan 2016

Jf. Delavtale 12 til Samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år. Det vart ikkje konkludert med dato for eit møte nr. 2-2016 i sjølve møtet, men i etterkant av møtet vart datoen avtalt til 7. oktober (kl. 10.00 – 14.00).

Sak 5/2016: Pasientforløp for den eldre multisjuka pasient

Ved Mona Ryste avdelingssjef, medisinsk avdeling Volda sjukehus, HMR HF

Ei utfordring i dette prosjektet var om 36 kommunar og 4 sjukehus kunne bli einige om å utvikle felles pasientforløp for den eldre multisjuka pasient. Ryste viste til at heilskap er viktig for pasienten, og potensialet her er stort. Det nye pasientforløpet skal medføre ei endring i verdiar frå «Kva er i vegen med deg?» til «Kva er viktig for deg».

Mandatet til prosjektet har vore å designe det nye forløpet, peike på områder som krev særskilt tilpassing for å kunne fungere i alle kommunane i fylket, identifisere områder med særleg potensiale for utvikling, innovasjon og forskning og lage ein plan for implementering av det nye pasientforløpet.

Prosjektet har sett opp effektmål og resultatmål for pasientforløpa:

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Effektmål: Den multisyke eldre pasienten skal få kvalitativt gode og likeverdige tenester i Møre og Romsdal med fokus på pasienten sine helsebehov. Pasienten skal få eit betre liv gjennom meistring og tryggleik i helsetenestene i tråd med nasjonale retningslinjer og føringar, og med basis i samhandlingsavtalane mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal.

Resultatmål:

- 1) Utvikle eit pasientforløp for den eldre multisyke pasient som skal vere rettesnor for alle kommunar og sjukehus i Møre og Romsdal der identifiserte vanskelege overgangar er sikra med tiltak.
- 2) Reinnlegging skal reduserast for den eldre multisyke pasienten.
- 3) I pasientforløpet skal pasientane i Møre og Romsdal ha samstemte medikamentlister, vere vurderte for fallrisiko, vurderte for kognitiv funksjon og sikra god ernæring.
- 4) Mobilisering/rehabilitering skal vere ein integrert del av pasientforløpet.
- 5) Det skal identifiserast område med særleg potensiale for utvikling, innovasjon og forskning.
- 6) Det skal utarbeidast ein plan for å implementere pasientforløpet.

Prosjektet har utvikla tre sjekklister. Desse skal i første omgang prøvast ut i fire sjukehusavdelingar og i kommunane Herøy, Giske, Molde og Kristiansund.

Utvalet var samde om å på neste drøfte vidare korleis dette verktøyet best kan nyttast i kommunane.

Pasientforløp for den eldre multisyke pasient skal handsamast i Overordna samhandlingsutval 24. mai 2016. Oppstart er planlagt til 1. januar 2017.

Ryste sin presentasjon følgjer vedlagt.

Sak 6/2016: Alkohol og helse – felles bruk av alkoholanamnese/ brosjyre

Ved Mona Ryste avdelingssjef, medisinsk avdeling Volda sjukehus, HMR HF

Ryste viste til at ein del pasientar ligg på medisinsk avdeling pga. høgt alkoholforbruk. Ho viste til ei brosjyre om alkohol og helse frå Sørlandet sjukehus som vert nytta i det førebyggjande arbeidet der. Ryste kom med forslag om å lage ei liknande brosjyre som kan presenterast på legemøtet (i oktober) på Søre Sunnmøre.

Samhandlingsutvalet bestemte å setje ned ei gruppe som skal sjå på det. Det vart sagt at arbeidet må gjerast saman med rusklubben. Mona Ryste ville kalle inn til møte. Som øvrige medlemmar i gruppa kom det forslag om Torill Myklebust, Berit Aasen, Hallgrim Myklebust, Stian Endresen og Mona Kile.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

Sak 7/2016: Eventuelt

Til eventuelt meldte Oddvar Marøy sak om praktisk samarbeid mellom kommunar og helseføretak. Dette handlar konkret om tilrettelegging for fora om e-meldingar og samhandlingsavtalen. Konklusjonen etter drøfting i samhandlingsutvalet var at ein skal bruke dei arenaene som alt finst og at systemansvarleg for Gerica må involverast.

Stian Endresen meldte sak om forankring av felles fagdagar med meir til eventuelt. Endresen sendte i etterkant av møtet tekst til møterefarenten per epost til hjelp ved skriving av referat frå desse sakene. Referatet byggjer i det følgjande i hovudsak på denne teksten:

Endresen viste til delavtale 11 punkt 6 angående oppretting av akuttutval: Det skulle utpeikast ein representant fra Sunnmøre til dette utvalet. Sunnmøre Regionråd peika ut legevaktssjef fra Ålesund.

Endresen viste til at det no er fleire prosessar rundt samhandling med omsyn på den akuttmedisinske kjeda på Søre Sunnmøre. Eitt spørsmål er kva akuttmedisinsk beredskap det skal være ved Volda sykehus? Skal Volda sykehus ha traumeberedskap?

Dette gjeld både akuttkirurgi og korleis akuttpsykiatriske team skal utformast. Det handler om plassering og antall ambulansar på Søre Sunnmøre. Det er sett i gong eit større arbeid med omsyn på organisering av kommunale legevakter i dei 7 kommunane. Dette er forankra i kommunestyra. Kvar skal desse legevaktene liggje? Kor mange skal det vere? Han viste til at dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre ikke er representert i akuttutvalget, og at det er viktig at Søre Sunnmøre får delta i dei debattane som no skal førast.

Endresen meinte at Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde burde be samhandlingssjefen i HMR leggje fram for Overorda samhandlingsutval at det er ønskjeleg at dette utvalet har ein kommunal representant for kvart lokalsjukehusområde.

Endresen viste til Delavtale 11 punkt 4.2.5. Ein har i dag følgjande årlege samarbeidsmøter.

- 1) Felles legemøte for legar ved Volda sykehus, Volda DPS og kommunelege/fastlegar/sjukeheimslegar/helsestasjonslegar. Vår møte vart arrangert 5. april 2016. Haustemøte vert planlagt i oktober 2016. Til saman to årlege møter på fire timar kvar. Endresen, Ryste og Nautvik er ansvarlege for desse møta.
- 2) Felles fagdag BUP. Målgruppe er tilsette i barnevern, fastlegar, helsesøstre, PPT og kommunal psykiatriteneste. Endresen følgjer opp angående arrangementet i 2016.
- 3) Felles fagdag i geriatri 2017 vert 26. og 27. januar i Fosnavåg. Endresen, Myklebust og Ryste følgjer opp angående arrangementet.

Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde

4) Nettverk for sjukehjemslegar har Ottar Grimstad som leiar ut 2016. En må arbeide for å vidareutvikle dette nettverket. Ein er heilt avhengig at ein har fokus på kompetanseheving innan sjukeheimsmedisin. Ein velfungerande sjukeheim er også viktig for sjukehusa slik at dei kan ta imot dei utskrivningsklare (heimhentingsklare) pasientane. Ryste er kontaktperson på sjukeheim dersom nettverket ønskjer samhandling med medisinsk avdeling. Endresen følgjer opp nettverket som praksiskonsulent.

Når det gjeld felles fagdagar i psykiatri viste Endresen til at Eriksen (samt eventuelt leiaren for psykiatritenesta i Ørsta) følgjer opp fagdagane i 2016. Kanskje vert det to fagdagar i 2016.

Jf. Delavtale 10 hadde fagdagen om "Friskliv og meistring" som vart arrangert i Volda 15. april 180 deltakarar. Denne fagdagen var forankra i delavtale 10 om samarbeid og førebygging. Det er i dag 2 frisklivsentralar, 2 er under utvikling og 3 kommunar vurderer oppretting. Desse vil bli viktige samarbeidspartnarar for HMR sitt lærings- og meistringssenter i Volda.

Jf. Delavtale 12 punkt 4.2.7 viste Endresen til oppdatert liste over samhandlingsprosjekt i området:

- 1) Alderspsykiatriprosjektet 2015-2016
- 2) Prosjekt palliativ plan 2015- 2017
- 3) Felles legemøte 2 gonger per år
- 4) Felles fagdag i geriatri som vert halde siste torsdag og fredag i januar kvart år
- 5) Felles fagdag i vaksenpsykiatri
- 6) Felles fagdag BUP må utviklast vidare med meir involvering frå kommunane

Endresen viste til at Høgskulen i Volda ønskjer tettare samarbeid med Volda sykehus og dei 7 kommunane med omsyn på å arrangere fagdagar/fagutvikling. Dei har teke kontakt med han om dette.

Endresen viste til at samhandlinga mellom Høgskulen i Volda, Helse Møre og Romsdal og Sjustjerna-kommunane vil bli eit viktig samarbeid mellom dei 3 største offentlege arbeidsplassene på Søre Sunnmøre.